

**SØKNAD**

**OM GODKJENNING**

**AV**

\_\_\_\_\_

(namn på verksemda)

Adresse: \_\_\_\_\_

Tlf. nr: \_\_\_\_\_

Eigar: \_\_\_\_\_

Leiar: \_\_\_\_\_

Tal på vedlegg: \_\_\_\_\_

Underskrifter:

\_\_\_\_\_  
Stad, dato

\_\_\_\_\_  
Styrrar/rektor/leiar

\_\_\_\_\_  
evt. verneombod

\_\_\_\_\_  
Eigar av verksemda

## Søknadsskjemaet

Etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.», heretter kalla forskrifta, skal eksisterande skular og barnehagar m.v. ha ny godkjenning innan 31. desember 1998 (§6). Nye verksemder skal ha godkjenning ved oppstart.

Godkjenning av verksemda vert gjeve etter ei samla vurdering knytt til forskrifta. Søknadsskjemaet inneheld ei rekkje detaljar som i første rekkje skal gje grunnlag for ei slik samla vurdering. Det kan verta trong for synfaring.

Søknadsskjemaet er utarbeidd med grunnlag i forskrifta, og vert nytta av mange kommunar i landet. Kvar einskild paragraf er sett opp i søknadsskjemaet (i grå boks), og spørsmåla er gjevne for å kunna vurdere om den einskilde verksemda stettar krava i forskrifta.

Til rettleiar vert følgjande nytta:

Rettleiar 3/98 (IK- 2619) frå Statens Helsetilsyn; Veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v. Denne kan lesast på

<http://www.helsetilsynet.no/publikasjoner>

Rettleiaren er under omarbeiding i 2013. Det vert no skild mellom barnehagar og skular, slik at det vert 2 rettleiarar. Framlegg til nytt innhald er mykje likt som i den gjeldande frå -98.

Stord kommune har opp mot rettleiaren frå -98, utarbeidd ei "sjekklister" som følgjer vedlagt.

Om det er for liten plass på skjemaet til skildringar og kommentarar, må det brukast vedlegg som har eige nummer. Gje opp vedleggsnummer i høgre marg.

## Søknaden

Søknaden om ny godkjenning for eksisterande og nye verksemder skal innehalda:

1. Utfylt søknadsskjema bygd på kartlegging av verksemda (dette)
2. Handlingsplan med tidsfristar som viser korleis avvika frå krav i forskrifta skal rettast opp
3. Kort skildring av verksemda sitt internkontrollsystem, særleg korleis krav og føresegner i forskrifta vert følgd opp
4. Planteikningar over bygget (skisse over romløyning) og uteområdet

For heilt nye verksemder, sjå også vedlegget "Saksgang ved søknad om godkjenning av barnehage – nybygg, påbygg og mellombels lokale".

Søknaden skabendast Stord kommune, v/kommunelege, Boks 304, 5402 Stord, for godkjenning.



Utarbeiding av systemet bør gjerast i samråd med dei tilsette i verksemda. Det kan vera føremålstenleg at utarbeiding og opplegg for gjennomføring av og endringar i verksemda sitt internkontrollsystem vert gjort i samarbeid med representantar for barn/elevar og eventuelt foreldre/føresette.

Har verksemda etablert eit internkontrollsystem og sett dette i drift ? Ja  Nei

Dersom ja, er internkontrollsystemet tilpassa krava i forskrifta Ja  Nei

Dersom verksemda har badeanlegg – finst det eige internkontrollskjema for dette ? Jfr. ”Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v.” av 13. juni 1996. Ja  Nei

Har ansvarleg leiar fått opplæring i internkontrollarbeid ? Ja  Nei

Kommentar:

Kva for rutinar har verksemda for å ta ivare barna sitt arbeidsmiljø?

## § 5. Opplysnings- og informasjonsplikt

**Leiar av verksemda pliktar å leggja fram dei opplysningane som er naudsynte for at kommunestyret skal gjennomføra sine oppgåver etter denne forskrifta.**

**Leiar av verksemda skal, med dei avgrensingar som følger av teieplikta, syta for at det utan oppmoding vert gjeve relevant informasjon til føresette og/eller elevar om tilhøve ved verksemda som kan ha negativ innverknad på helsa.**

Dersom det vert avdekka tilhøve som har verknad på helsa, kva rutinar finst i verksemda for å gje informasjon til

a) Eigar: (spesifiser om det er fleire som har eigaransvar)

b) Tilsynsmynde (her: kommunelege)

Finnes det rutinar for informasjon til skulehelsetenesta om tilhøve som ikkje er i samsvar med forskrifta ? Ja  Nei

Vert foreldre/elevar varsla dersom det vert funne tilhøve som kan ha negativ verknad på helsa ? Ja  Nei   
(med *elevar* meiner ein her dei som er myndige)

Kort skildring:

## § 6. Krav om godkjenning

Verksemder som vert omfatta av forskrifta, jf. §2, skal vera godkjent av kommunestyret.

Godkjenning etter denne forskrifta gjev ikkje fritak for føresegner som er gitt med grunnlag i anna regelverk.

Søknad skal leggjast fram for godkjenningsmyndet når det ligg føre plan for etablering, utviding eller endring av verksemda.

Søknad om godkjenning skal innehalda dokumentasjon som viser korleis verksemda sin eigar vil sikra at verksemda vert planlagt, etablert, drive og vidareutvikla i samsvar med føresegnene i forskrifta.

Det må gå fram kor mange barn/elevar og tilsette verksemda er utrekna for.

Verksemd som er etablert og i drift når denne forskrift vert sett i verk, skal ha ny godkjenning innan 31. desember 1998.

Verksemda sine/lokalet sitt byggeår er: \_\_\_\_\_

Utbygd år: : \_\_\_\_\_

Gards- og bruksnummer til lokalet: \_\_\_\_\_

Kor mange barn/elevar er det i verksemda ? \_\_\_\_\_ barn/elevar.

Kor mange barn/elevar er verksemda planlagd for ? \_\_\_\_\_ barn/elevar.  
(jfr. arealnormer, se § 9)

Kor mange tilsette har verksemda ? \_\_\_\_\_ tilsette.

## § 7. Generelle krav

Verksemd som forskrifta gjeld for, skal vera helsemessig tilfredsstillande.

Verksemda skal planleggast, byggast, tilretteleggast og drivast slik at forskrifta sine føresegner om trivsels-, helse-, hygiene- og tryggleikstsmessige tilhøve vert oppfylt på ein allmenn akseptert måte.

## § 8. Beliggenhet

Ved val av plassering for ny verksemd som vert råka av forskrifta, skal det takast omsyn til trafikktilhøve, ureining i luft, støy, klimatilhøve, andre risikotilhøve i miljøet og området si utforming og topografi.

Jamfør rettleiar; i denne fasen er det viktig at planlegginga vert samordna med andre lover og mynde. Her gjeld

- barna sin representant i planutvalet
- kommunehelsetenesta (helse- og omsorgslova)
- plan- og bygningsmyndet (plan- og bygningslova)
- forurensningsmynde (forurensningslova)
- arbeidstilsynet (arbeidsmiljølova)

Dersom nærområdet rundt verksemda vert brukt til leik, undervisning o.a., er

denne bruken sikra i kommunen sine reguleringsplanar ?

Ja  Nei

## § 9. Utforming og innreiing

Lokala og uteområdet skal vera utforma og innreia slik at forskrifta sine føremål vert teke i vare.

Funksjonshemma sine behov skal ivaretakast.

Verksemda skal vera utforma og innreidd slik at tilfredsstillande reinhald og avfallshandsaming er mogleg.

Er det problem i skolen/barnehagen sitt nærområde knytt til:

Luftforureining	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Trafikktilhøve	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Klimatilhøve	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Tryggleiksmessige tilhøve	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>
Høgspant nærare enn 50m	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

Kommentarar:

Er verksemda lagt tilrette for personar med ulike funksjonshemmingar?

Ja  Nei

Korleis? (kort skildring):

For skular: Er klasseromma av ein slik storleik at golvflate per elev er min. 2 m<sup>2</sup> (veggleiande norm i vegleiar til forskrifta) + 6 m<sup>2</sup> for lærar (retteleiar norm frå Arbeidsmiljølova)?

Ja  Nei

Kommentarar m.o.t. romvariasjon:

For barnehagar: Er leikeareal inne i samsvar med arealnorma ? (4 m<sup>2</sup> netto pr. barn over 3 år, og omlag 1/3 meir pr. barn under 3 år) (rettleiande norm frå Barnehagelova og Barne-, likestillings- og inkluderingsdept.)

Ja  Nei

Kommentarar m.o.t. romvariasjon:

Er utforming og innreiing slik at dei er lette å halda reine ?

Ja  Nei

Finst det bruksareal med teppegolv ? Ja  - ca. antall m<sup>2</sup>: \_\_\_\_\_

Nei

Finst det plasser som høver til oppbevaring/tørking av yttertøy ?

Ja  Nei

Er bord/stolar tilpassa til brukarane sin storleik?

Ja  Nei

Skildring:

## § 10. Høve for aktivitet og kvile m.v.

**Verksemda skal planleggast og drivast slik at den innfrir ulike behov for aktivitet og kvile.**

Er leikeområdet slik at det gir gode høve for leik og aktivitet for aktuelle aldersgrupper i verksemda?

Ja  Nei

Er inne-området slik at det gjev gode høve for leik?

Ja  Nei

Skildring

Gir leikeområdet høve for leik i alle årstider ?

Ja  Nei

Finst det eigne rom for barn som treng søvn og kvile ?  
(gjeld særleg barnehagar)

Ja  Nei

Kommentar:

**Legg ved ei skisse/skildring av ute- og inneområdet**

**Vedlegg nr. \_\_\_\_\_**

## § 11. Måltid

**Det skal vera høvelege rom og tilhøve for å eta mat der og måltidet sine sosiale funksjonar skal støttast.**

**Verksemda skal så langt det er naudsynt, ha tilfredsstillande tilhøve for lagring, tillaging og servering av mat i samsvar med Matlova.**

Har alle lett tilgang til handvask i samband med måltida ? Ja  Nei

Er det tilsynsrutinar på kjøken/kantine ? Ja  Nei

Har verksemda tilfredsstillande rutinar/utstyr for kjøling av mjølk m.v. ?  
(direkte på kjøøl ved levering etc.) Ja  Nei

Er matsservering/måltida elles tilfredsstillande i høve til Statens  
ernæringsråd sine retningsliner ? Ja  Nei

Er det vaksenkontakt i samband med måltida ? Ja  Nei

Kommentar:

**Dersom det er frambod av mat ved skulen, må Mattilsynet kontaktast for godkjenning etter næringsmiddelavgjevinga.** (Sentrale krav i den samanhengen er at verksemda har god nok kjølekapasitet, reinhaldsrutinar og høve til handvask).

## § 12. Psykososiale tilhøve

**Verksemda skal fremja trivsel og gode psykososiale tilhøve.**

Korleis jobbar verksemda for å fremja trivsel og gode psykososiale tilhøve? (samarbeid, tverrfaglege team, arbeid mot mobbing/vald, m.m.)



## § 13. Reingjering og vedlikehald

**Dei deler av verksemda sine innadørs areal som er i dagleg bruk, skal ha forsvarleg reinhald etter hygienisk tilfredsstillande metodar.**

**Hovudreingjering skal gjennomførast årlig i innandørs areal.**

**Uteområdet og tekniske anlegg skal haldast vedlike og reingjerast etter behov.**

Er uteareal og inngangsparti slik at det kan gjennomførast eit forsvarleg reinhald

Ja  Nei

Skildring:

Har barnehagen/skulen eigen reinhaldsplan ?

Ja  Nei

Om ja, når er denne sist revidert?

Vert det gjennomført hovudreingjering (reingjering av alle areal) innadørs minst ein gong i året ?

Ja  Nei

Ja  Nei

Har verksemda eit system for ettersyn og vedlikehald av uteområdet ?

Kort skildring:

Har skulen/barnehagen rutinar for utadørs reinhald?

Ja  Nei

Har verksemda eit system for ettersyn og vedlikehald av tekniske anlegg ?

Ja  Nei

Har verksemda eigen kompetanse på å halda ved like tekniske anlegg ?

Ja  Nei

Kommentarar:

## § 14. Tryggleik og helsemessig beredskap

**Verksemda skal planleggast og drivast slik at skader og ulukker vert førebygd.**

**Verksemda skal ha rutinar og utstyr for handsaming av ulukke- og faresituasjonar.**

**Rutinane og tryggleiksutstyret skal vera kjent for alle, inkludert barn og elevar.**

Er førebyggjande arbeid innan tryggleik innarbeidd i internkontrollsystemet?

Ja  Nei

Er det egne sjekklister for tryggleik på ute- og inneområdet?

Nei

**Legg gjerne med eit eksemplar av utfylt sjekkliste for verksemda sine ute- og inneområde (nytt eiga sjekkliste eller vedlagd eksempl)**

**Vedlegg nr**

Har verksemda rutinar og utstyr for handsaming av ulukkes- og faresituasjonar ?

Ja  Nei

Kva rutinar har verksemda for tryggleik i spesialrom (forming, laboratorium, mekanisk utstyr, personleg utstyr m.v.).  
Skildring:

Har verksemda rutinar for brannvern ?

Ja  Nei

Skildring:

Er rutinane og tryggleiksutstyret kjent for alle, inkludert barn/elevar ?

Ja  Nei

Skildra kort rutinane for informasjon til nyttilsette:

## § 15. Førstehjelp

**Verksemda skal ha tilstrekkeleg førstehjelpsutstyr av tilfredsstillande standard. Utstyret skal vera tilgjengeleg og forsvarleg plassert. Eigar skal syta for at alle tilsette er kjent med kvar utstyret er plassert og korleis dei kan yta hjelp.**

Har verksemda tilstrekkeleg førstehjelpsutstyr med tilfredsstillande standard ?

Ja  Nei

Vert det kontrollert regelmessig m.o.t. funksjon og utlaupsdato

Ja  Nei

Er utstyret plassert føremålsteneleg ?

Ja  Nei

Er alle tilsette kjent med kvar utstyret er plassert ?

Ja  Nei

Har alle tilsette fått opplæring i korleis dei kan yta hjelp ?

Vert det halde regelmessige oppdateringskurs i korleis hjelp kan ytast ? Ja  Nei

## § 16. Tilrettelegging basert på opplysningar om helsetilhøve

**Verksemda skal oppmoda føresette (\*) til elevar og barn om å opplysa om tilhøve ved barnet si helse, som dei ynskjer at personalet skal ta særskilt omsyn til.**

\*) myndige i vidaregåande skule opplyser eventuelt om tilhøve ved eiga helse

Oppmodar verksemda føresette til å opplysa om tilhøve ved barnet si helse som det må takast særskilt omsyn til ? Ja  Nei

Kva rutinar har verksemda for å fange opp helsemessige behov hjå den einskilde, som krev spesiell tilrettelegging eller beredskap ?

## § 17. Smittevern

**Verksemda skal planleggast og drivast slik at risikoen for spreing av smitte sjukdommar blir så liten som praktisk mogeleg.**

Har verksemda tilgjengeleg informasjonsmateriell som er utarbeidd i samarbeid med helsetenesta, om førebyggjande tiltak ved smittesjukdomar?

Ja  Nei

## § 18. Røyking

**Det skal ikkje røykast i verksemda sitt inneområde.  
I verksemdar som vert drivne i private heimar, gjeld denne forskrifta i verksemda si opningstid.**

Er forbodet mot røyking slik at det ikkje vert røykt til noka tid eller i nokon del av verksemda sine lokale ?

Ja  Nei

Dersom delerav verksemda sine lokale også vert nytta til andre føremål, vert røykeforbodet innandørs halde også i slike tilfelle ?

Ja  Nei

Vert røykeforbodet praktisert på verksemda sine uteområde ?  
(av omsyn til haldningsfremjande / psykososiale tilhøve)

Ja  Nei

## § 19. Inneklima/luftkvalitet

**Verksemnda skal ha tilfredsstillande inneklima, herunder luftkvalitet.**

**Temperaturregulering og ventilasjon skal vera tilpassa bruksområdet og årstidsvariasjonar.**

**Den relative luftfukta i romma må liggja på eit slikt nivå at deet ikkje er fare for muggdanning.**

**Ioniserande stråling skal ikkje overskrida eit allment akseptert nivå.**

Korleis opplevest inneklimaet/luftkvaliteten ved verksemnda?

Er det spesielle bygningsmessige tilhøve som reduserer luftkvaliteten? (trekk frå vindaug eller liknande)

Skildra:

Kva vert gjort aktivt for å gje eit best mogeleg inneklima ved verksemnda?  
(brukarmedverknad og tilrettelegging)

Skildra:

Kva ventilasjon finst i verksemnda?

Skildra:

For verksemder med mekanisk ventilasjon:

Vert systemet kjørt med omluft ? (resirkulering av heile eller deler av avtrekkslufta)

Ja  Nei

Kva varmekjelde er det i verksemnda, og korleis er evt. plassering?

Skildra:

Er det høve for regulering av temperatur ?

Ja  Nei

Kan lufttemperatur avlesast i alle opphaldsrom/klasserom (termometer bør plasserast på innervegg og i barn si hodehøgde) ?

Ja  Nei

Er det mogeleg å skjerma mot uønska sol- og overoppvarming ?

Ja  Nei

Kommentarar m.o.t. romvariasjon og type avskjerming (utvendig/innvendig persienner/markiser m.v):

Er det gjennomført spesielle målingar av inneklima? (radon, CO<sub>2</sub>, etc) Ja  Nei

**Legg ved måleresultat**

**Vedlegg nr** \_\_

Finst det teikn på fuktskader i bygget (spor og lukt av mugg/råte etc.)? Ja  Nei

Er det minst mogleg støvsamlende flater i romma?  
(ved at opne hyller kan lukkast, attbygging av skap opp til tak o.l.) Ja  Nei

## § 20. Belysning

**Verksemda sine lokale og uteområde skal ha ei belysning som er tilfredsstillande i tilhøve til den bruk verksemda er planlagt for.**

Verkar lyssettinga å vera tilfredsstillande både inne- og utadørs? Ja  Nei

Dersom nei, er det gjort målingar av lyssettinga ? Ja  Nei

**Legg ved måleresultat**

**Vedlegg nr** \_\_

## § 21. Lydtilhøve

**Verksemda sine lokale og uteområde skal ha tilfredsstillande lydtilhøve.**

Er det problematisk støy/etterklang i bygget? Ja  Nei

Kommentarar:

Dersom ja, er det gjort målingar av støy (lyd)?

Ja  Nei

**Legg ved måleresultat**

**Vedlegg nr** \_\_

Er det støy frå særskilde kjelder i høve uteområda ?

Ja  Nei

## § 22. Drikkevatt

Verksemda skal ha tilstrekkeleg forsyning av hygienisk trygt drikkevatt som tilfredsstillir krav i forskrift av 1. januar 1995 nr. 68 om vassforsyning og drikkevatt m.m.

Kva er drikkevasskjelda til verksemda ? (namn på vassverk)

---

## § 23. Sanitære tilhøve

Verksemda skal ha eit tilstrekkeleg tal tilgjengelege toalett og vaskar. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredsstillande utforming, kapasitet og standard.

Er det dispenser for flytande såpe og papirhandduk ved alle vaskar ? (sjå rettleiar)

Ja  Nei

Er det både varmtvatt og kaldtvatt ved alle handvasker?

Ja  Nei

Har alle tilgjengelege tappepunkter varmtvasstemperatur under 55° C ?

Ja  Nei

### **For skular:**

Fins det toalett og sanitært utstyr i tilstrekkeleg antall og god stand ?

Ja  Nei

Dersom det fins urinal på gutetoalettet, er det utstyrt med sjølvspylende armatur ?

Ja  Nei

Har alle jentetoalett avfallsbøtte med oppsamlingspose og lokk ?

Ja  Nei

Har alle klasserom/korridorar, garderobar, toalett, formingsrom, skolekjøkken og spiserom/kantine handvask med blandekran ?

Ja  Nei

Er garderobar og dusjanlegg i tilknytning til kroppsovningsrom dimensjonert for normalbelastning og utan skadar i fliser/belegg etc.? Ja  Nei

Har sanitæranlegga synlege spor av råteskadar/muggsoppangrep? Ja  Nei

**For barnehagen:**

Har alle vaskerom/stellerom og toalett handvask med blandekran ? Ja  Nei

Er kranane skoldesikra der barn har adgang/tilgang til vask ? Ja  Nei

Har barnehagen eige stellerom/stellebord til dei minste barna ? Ja  Nei

Kommentarar til § 23:

## § 24. Avfallshandtering

**Verksemda skal handtera og oppbevara avfall på ein hygienisk betryggande måte slik at ulemper, herunder smittefare, vert unngått.**

**Avfall skal oppbevarast forsvarleg. Eigne behaldare skal finnast i tilstrekkeleg antall og vera hensiktsmessig og forsvarlig plassert.**

Inngår verksemda i offentleg renovasjon? Ja  Nei

Dersom nei, kva for rutinar fins for handtering og oppbevaring av avfall?